

BERGEN KOMMUNE
Rådhusgaten 10
5014 BERGEN

Dato: 09.05.2019
Vår ref.: 2018/10490-13
Saksbehandlar: sigbjør
Dykkar ref.: 2018/12450-20

Fråsegn til forslag til Kommunedelplan for overvann - Planid 65890000 - Bergen kommune

Vi viser til brev datert 05.04.2019 om høyring av forslag til Kommunedelplan for overvann.

Formålet med planen er å ivareta handtering av overvatn i arealplanlegging. Planlegging skal sikra mot skader som følgje av oversvømming/flom og klimaendringar. I tillegg har overvatn verknad for biologisk mangfald, blå-grøne løysingar og utforming av byrom. Planen bygger på overordna visjonar, mål og strategi for handtering av overvatn i kommunen. Vidare vert det lagt føringar for planlegging av overvatn på ulike plannivå, og er forankra i forslag til kommuneplanenes arealdel, som er til 2.gongs handsaming.

Hordaland fylkeskommune har vurdert planforslaget ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering

Bergen kommune har med dette planarbeidet gjort eit viktig nybrottsarbeid. Kommunedelplanen går i djupna på eit fagfelt med større og større aktualitet som følgje av endring i klima og auka nedbør. Arbeidet følgjer opp Klimaplan Hordaland 2014-2030 og Vassforvaltingsplan for Hordaland 2016-2021 på ein god måte.

Klima

Klimaplan Hordaland legg til grunn at tilpassing til klimaendringane skal baserast på føre-vår-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve. Forutan å redusera risiko og sårbarheit, handlar arbeidet med klimatilpassing også om å sjå moglegheiter som følgjer omstilling.

Kommunedelplan for overvann, er ei viktig oppfølging av statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing som tråtte i kraft 28. september 2018, og er i tråd med strategiar og retningslinjer for klimatilpassing i arealplanlegging i eksisterande Klimaplan for Hordaland. Dette vil også vere fokustema ved rullering av Regional klimaplan.

Kommunedelplan for overvann, løfter handteringa av overvatn, og klimatilpassing, som tema på eit tidleg tidspunkt i arealplanlegginga. Ved å gi «regnvannet tid og rom» går Bergen kommune føre med ei heilskapleg tilnærming til vatnet sitt kretsløp, både med tanke for å redusera risiko og skadeomfang, men også for å nytte seg av vatnets positive eigenskaper.

Handtering av overvatn involverer ei rekke aktørar, og kommunedelplanen legg til rette for samarbeid på tvers av forvaltingsnivå, fagdisipliner og mellom offentlege og private aktørar. For å sikre ei heilskapleg

forvaltning vil mellom anna Vann- og avløpsetaten i Bergen kommune vere eit felles kommunalt kontaktpunkt med eit overordna (sektor)ansvar for overvatn.

Vassforvaltning

Hordaland fylkeskommune har ansvar for vassregionen i Hordaland, og følgjer opp tiltaka i Vassforvaltingsplan for Hordaland 2016-2021. Ny vassforvaltingsplan for 2022-2027 er under utarbeiding. Hordaland fylkeskommune er også sektormynde for innlandsfisk ovanfor anadrom strekning i eit vassdrag som ikkje er påverka av vasskraftregulering.

Hovudplan for overvatn viser påverknaden og status i viktige vassdrag i Bergen. For nokre av vassdraga mellom anna Haukåsvassdraget, saknar vi at planen tek opp den urbane påverknaden ein har frå næring og vegbygging.

Planen legg opp til at det vert utarbeida oversikt over avrenning frå tette flater i utsette område og har fokus på å redusere omfang av tette flater. Overvatn og veg er eit omfattande tema som kan utdjupast noko meir. Dette gjeld særleg problemstilling knytt til salting og snørydding. Vi viser til Statens vegvesen sin rapport med vurdering av vatn med stor saltpåverknad i mellom anna Bergen kommune.

Arkitektur, estetikk, folkehelse

Å leie vatnet i bekker og kanalar og innlemma fordrøying av overvatn i grøntanlegg er positivt. God materialbruk og varige løysingar bidreg til å skape attraktive stader for opphald og lek.

For å leie vatn er det gjerne behov for avgrensing i form av nivåskilje og tersklar i terrenget, desse kan i neste omgang vere barrierar for rullestolar, rullatorar med meir. Kantstein kan også nyttast som ei naturleg leieline som synshemma kan orientere seg etter. Slik er det viktig å sjå på etablering overvassløysingar i ei heilskap, med stor vekt på fagkompetanse og gode arkitektoniske løysingar som også sikrar universelt utforma omgjevnader.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektormynde innan kulturminnevern.

Planen vil ikkje regulere areal, men gje overordna føringar og retningsliner for planlegging av overvatn i Bergen kommune. Saka er oversendt Riksantikvaren, då dei som direktorat har ansvar og mynde for kulturminneomsyna i mellomalderbyen Bergen.

Klimaendringar og ekstremvær som storm, store nedbørsmengder og langvarig tørke kan medføre skade på bygningar og konstruksjonar av kulturhistorisk verdi og på kulturmiljøa og landskap både i byane og utanfor. Økt havnivå og økt nedbør gir ofte negative konsekvensar for kulturminne, både dei som ligg under bakken og dei som står over, og ei overordna plan for overvatn vil kunne vere med på å redusere skade og slitasje grunna vatn. Overvasshandtering og grunnvassproblematikk kan får direkte konsekvensar for kulturminne. Det er difor viktig å ta omsyn til dette tidlig i planleggingsfasen og sjå til at tiltak som det leggst opp til ikkje kjem i konflikt med kjende verneverdige eller freda kulturminne.

Med omsyn til ukjende automatisk freda kulturminne vil det vere naudsynt å sende planlagde tiltak til Fylkeskonservatoren for å vurdere tilhøve til undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova, og for å vurdere at tiltak ikkje kjem i konflikt med kulturminnelova § 3.

Riksantikvaren har gjeve fråsegn til saka i brev datert 01.06.2018 og 10.05.2019. *Breva er i sin heilhet lagt ved fylkeskommunen sitt fråsegn og må takast omsyn til i det vidare arbeidet med planen.* I det følgjande er berre eit utdrag av brev datert 10.05.2019 teke med:

«Vi viser til epost av 9.4.2019 fra Hordaland fylkeskommune med oversendelse av offentlig ettersyn av kommunedelplan for overvann, Bergen kommune. Vi viser videre til vårt brev datert 1.6.2018 med innspill til forslag til planprogram for kommunedelplanen. Hordaland fylkeskommune har orientert Riksantikvaren om at de ved en inkurie ikke tok med Riksantikvarens innspill i sin uttalelse til oppstart av kommunedelplanen til Bergen kommune. Vi vil med dette understreke viktigheten av at Riksantikvarens innspill til oppstart av kommuneplanen må med i Hordaland fylkeskommune sin uttalelse til offentlig ettersyn av kommunedelplanen.

Formålet med planen er å ivareta overvannshåndtering i arealplanleggingen, og sikre mot skader som følge av oversvømmelse/flom og klimaendringer. Klimatilpasningstiltak som er nødvendige for å takle fremtidens overvannssituasjon i byer og tettsteder kan ved riktig utforming bedre bevaringsforholdene for kulturminner både over og under bakken. Feil utforming kan medføre alvorlige skader på kulturminner over og under bakken, i verste fall tap av kulturminner eller store utgifter til avbøtende tiltak. Det er derfor etter Riksantikvarens syn svært viktig at kartleggingen av konsekvenser for kulturminner generelt og for Middelalderbyen Bergen spesielt blir en integrert del i arbeidet med kommunedelplanen for overflatevannhåndtering i Bergen kommune.

Riksantikvarens stiller gjerne på et møte med Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune i forbindelse med høringen av kommunedelplanen.»

Planfagleg innspel

Kommunedelplanen tar føre seg eit viktig fagfelt med stor aktualitet. Bergen kommune har med dette gjort eit pionerarbeid som kan ha stor overføringsverdi til lokalt klimatilpassingsarbeid i andre kommunar. I det vidare har vi nokre innspel til plandokumenta.

Plandokumentet:

KDP for overvann skal leggst til grunn for forvaltning, bygg og drift i eit breitt spekter av kommunen sine ansvarsområde. Det er difor viktig at planen fungerer godt som eit verktøy i sakshandsaming. Teksten i plandokumentet er enkel og lett tilgjengeleg, men dokumentet er komplekst og kan vere krevjande i praktisk bruk for dei ulike aktørane. Vi rår til at det vert arbeida vidare med struktur i planen der det vert lagt vekt på at ein enkelt kan søke opp tema. Det bør skiljast tydelegare mellom lover forskrifter, føresegn, retningslinjer og strategiar. Til dømes kan dei 12. punkta som skal ligge til grunn for VA rammeplan løftas tydelegare fram i dokumentet.

Kart for kommunedelplan for overvann viser kva informasjon kommunen har i dag og er eit nyttig verktøy som kan utviklast vidare. Vi ser at dette kan møte eit behov for samordning og tilgang til informasjon, som er relevant for planleggjarar og har stort potensiale for å utviklast vidare.

Reguleringsplaner:

Opning av bekkeløp, og trong for større infrastruktur til fordrøying og flomsikring er kostbart og krevjande å fange opp i detaljreguleringsplanar om det ikkje er avklart i overordna planer. Kommunedelplanen bør vere tydeleg på ansvar og korleis desse større tiltaka vert ivaretatt i planprosessane. Dette er særleg aktuelt med omsyn til planavgrensing, krav til rekkjefølge, utbyggingsavtalar o.l.

Handlingsprogram:

Handlingsprogrammet listar opp 7 tiltak knytt til flomsonekartlegging, utslipp, overvasssplanar og separeringsprosjekt. For å gjere forslag til tiltak forpliktande bør ansvar, samarbeidspartnarar, finansiering oppstart og framdrift vere del av handlingsplanen.

Vi rår også til at handlingsprogrammet legg inn tiltak knytt til opplegg for informasjon og rettleiing, forskning og utvikling for å sikre at det vert sett av tid og ressursar til dette.

Samarbeid med HFK:

Samordning og samarbeid på tvers av sektorar, og mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege organa blir viktig i møte med komplekse klimautfordringar. Varsel om oppstart av arbeidet med kommunedelplan for overvann og planprogram, vart sendt på høyring før sumaren 2018. Høyringa fall saman med at fleire større planar var til offentleg ettersyn i same periode og vi hadde diverre ikkje kapasitet til å sende samla fråsegn i saka. Ved ei feil vart heller ikkje Riksantikvaren sitt innspel vidare sendt. Vi beklagar dette. Som det går fram over har fylkeskommunen mange interesser i planarbeidet. Vi deltek gjerne i eit tettare samarbeid om desse viktige tema i det vidare.

Oppsummering

Bergen kommune har med dette planarbeidet gjort eit viktig nybrottsarbeid. Kommunedelplanen går i djupna på eit fagfelt med større og større aktualitet som følgje av endring i klima og auka nedbør.

Planarbeidet er i samsvar og følgjer opp regionale planar på ei god måte. Planen er av stor regional interesse og har overføringsverdi til andre kommunar. Hordaland fylkeskommune med Riksantikvaren deltek gjerne i tettare samarbeid i det vidare.

Plandokumentet har høg kvalitet i tekst og innhald, men kan med føremon strukturerast og utarbeidast i kompakt form som gjer det enklare i bruk som verktøy i saksbehandling.

Handlingsprogrammet bør vere tydeligare på oppfølging og framdrift.

Hordaland fylkeskommune ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Sigrid Bjercke
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

REGIONALAVDELINGA Sigrid Næsheim Bjercke, Snorre Waage og Ida Steffensen, Seksjon for plan
Lene Omdahl og Sveinung Klyve, Seksjon for klima- og naturressursforvaltning
Endre Sten Nilsen og Øystein Skår, Fylkeskonservatoren, Kultur- og idrettsavdelinga

Vedlegg

- 1 Riksantikvarens kommentarer til offentlig ettersyn av
Kommunedelplan for overvann - Bergen kommune -
10.05.19
- 2 Riksantikvarens kommentarer til forslag til planprogram -
Kommunedelplan for overvann - Bergen kommune –
01.06.2018